

## **FAU-møte 12. mars 2024**

Tilstades:

Frå FAU: Henrik Arvidsson (3K), Vivian Midtbø (3E), Anita Nordseth (7. trinn), Veslemøy Solheim (2E), Marianne Tranøy (5. trinn), Helene Sissener-Eide (1E), Stian Totland (4E), Terje Helle (6. trinn), Pål Øyvind Bakken (7. trinn), Anette Undheim (4K) Renate Morild (5. trinn), Karina Aase (1K).

Frå leiinga: Anders Bøhn, Anne Gry Misund, Benedicte Sofie Figved

### **Del 1 - med ledelsen:**

Informasjon frå ledelsen:

Informasjon vedrørande sjukemeldingar og midlertidige endringar i ledelsen:

- Det er for tida to sjukemeldte i ledelsen. Med færre i ledelsen må oppgåvene prioriterast, noko som fører til at nokre saker kan ta lengre tid enn vanleg.
- Anders Bøhn er rektor i Anette Gerda sitt fråver, i tillegg til avdelingsleiar for 5.-7. trinn, som før.
- Kenneth Balsnes: avdelingsleiar 3.-4. trinn, i tillegg til 2. trinn på Krohnengen
- Anne Gry Misund: SFO-leiar i tillegg til midlertidig avd. leiar for 1.-2. trinn på Eventyrskogen.
- Benedicte Sofie Figved: midlertidig avd.leiar for 1. trinn på Krohnengen
- Informasjon vil bli sendt ut til trinna det gjeld før påske, slik at foreldra veit kven som er kontaktpersonar.

Vikarsituasjonen i 1E:

- Det var dessverre ein veldig ustabil situasjon i ein periode etter vinterferien, med det faste personellet sjukemeldt, i tillegg til dei faste vikarane. Dette førte til ei veke der ein var nødt til å benytte seg av ukjente vikarar. Dette har ført til ein vanskeleg situasjon for elevane der fleire har vegra seg for å gå på skulen. Dei faste vikarane er no tilbake og det faste personellet er og på veg inn igjen.
- Innspel frå FAU: Vi håpar at det til neste gang er mogleg å få inn i alle fall nokon kjente fjes frå andre klasser for eksempel, eventuelt at kjent personell frå SFO kan bli med i overgangen med heilt ukjente lærarar. Det bør leggst til rette slik at det blir mest mogleg forutsigbart for barna, særleg 1. klassingane er sårbare for endringar i personellet.

- Innspel frå FAU: Viktig at ledelsen informerer når det oppstår situasjonar med bruk av vikarar over lengre tid.

Kartleggingsprøvar er i gang.

Resultatoppfølging etter elevundersøking og foreldreundersøkinga er i gang.

Faste punkt:

Eventuelle utfordringar i skuletida/SFO-tida, som foreldre bør kjenne til (viktig at FAU og foreldregruppa får tilgang på informasjon i tidleg fase for at vi skal kunne bidra med korrigerande tiltak mht barna, når det er nødvendig)

- Oppfølging vedrørende samarbeid mellom skulen og Varegg i forhold til språkbruk og konflikter på treningar, som også blir med inn i skuletida. Dette har ikkje blitt fulgt opp frå skulen si side enno, med det står på agendaen.

SFO: Anne Gry oppsummerer frå intervju med barna ifbm med vidareutdanning. Dette har vore ei veldig god erfaring, ærlige barn som fortel åpent om korleis dei har det på skule og SFO. Eit av budskapane dei tek med seg så langt er meir fokus på voksentetthet og at borna set pris på at dei vaksne er interesserte i å høyre korleis dei har det.

Påske-SFO:

- Langdagane ifbm påskeferien blir på Krohnengen, vil foregå der, ikkje utflukter ut frå skulen denne gangen.

Gode overganger:

- I forbindelse med skulestart til hausten, har Anne Gry hatt møter med barnehagane, skal ut på besøk til barnehagane som i fjor.

Ihft foreldremøter for dei som skal starte opp på ungdomsskulen:

- Rothaugen har sendt ut melding om at det ikkje blir fysisk foreldremøte i vår for elevane i 7. trinn som startar på ungdomsskulen til hausten. Dette er begrunna med at det er den same informasjonen som blir sendt ut per e-post som vanlegvis blir tatt opp i desse møta. Foreldregruppa ynskjer fysisk foreldremøte, dette er viktig! Foreldre ved 7.trinn vil kontakte Rothaugen for å be om fysisk foreldremøte også i år, for dei som har barn som skal starte på ungdomsskulen til hausten.

Eventyrskogenbygget:

- Delar av bygget og uteområdet vil bli oppgradert i løpet av sommarferien. I første omgang er det arbeidsplassane til dei lærarane og uteområdet som vil bli oppgradert. Har hatt befaring ute for å planlegge korleis uteområdet skal

oppgraderast. Vil ta hensyn til naboar ifht å begrense støy. Elevrådet har fått uttale seg, og FAU ynskjer at også nokon frå foreldregruppa skal få uttale seg i prosessen. Veslemøy frå 2E og Helene frå 1E vil bidrar inn her.

- Innspel frå FAU: I forhold til trafikksikkerheit bør det merkast tydelegare i krysset nedanfor skulen at det er skulebygg her. Obs: parkeringsplassen utanfor den verna bustaden nedanfor skulen er ikkje lovleg parkering for henting og levering av barn. Det hadde vore fint om vi kan ha trafikkaksjonar oftare for å markere trygg skuleveg. Terje frå 6. trinn stiller to dagar denne veka utanfor Eventyrskogen med trafikkflagg for å minne bilistar på at dette er hjertesone, bringing og henting av barn i bil skal skje på anvist område i Formannsvei, gata nedanfor skulen. Prøve å få til at nokon stiller utanfor skulane for å minne om trafikksikkerheit meir jevnleg gjennom året, både ved Krohnengen og Eventyrskogen.

## **Del 2 - med FAU**

FAU er bekymra for situasjonen med at avdelingsleiarar har doble roller utover eigne ansvarsområder, dersom dette blir ein langvarig situasjon. Dette gir ein svekka ledelse med mindre kapasitet.

Oppfølging av resultat frå spørreundersøkinga når det gjeld foreldredeltaking og engasjement på foreldremøter

- Vi samlar tilbakemeldingane frå undersøkinga, i tillegg til innspela som har kome inn i FAU-møtet og vidareformidler dette til leiinga ved skulen.

17. mai forberedingar:

- Første møte i 17. mai komiteen i neste veke.
- NB: lag oppstillingskart over plassen for kor klassane skal stå for å unngå kaos når toget skal stille opp.
- Ny fane: Ta opp igjen dette med kunstneren som var involvert i fjor? Kan det vere mulig å undersøke om kunst og håndverk ved vidaregåande skular har muligheit til å lage fane? Kan vi eventuelt få nokon til å sponse ny fane?
- Ny bæresele til fanebærar (denne er øydelagt): Renate undersøker kvar vi kan kjøpe dette frå.
- Diskusjon rundt korvidt dei eldste borna som går i tog for Krohnengen skal få fri første skuletimen etter 17. mai? Dette er ikkje rettferdig for dei elevane som går i tog for eksempel for idrettsklubben sin, spelar i korpset etc.

Eventuelt:

- Skulevegen til Eventyrskogen skule: Vegane rundt skulen er ikkje trafikksikre og treng tiltak for å sikre tryggleiken til borna. Skulen har no blitt kommunal etter kjøpet av Eventyrskogen bygget, og det bør ligge eit kommunalt ansvar for å sikre at barna har ein trygg skulevegen. Foreldrerepresentantane som skal bidra inn i planlegginga av oppgradering av utearealet vil undersøke om det er mulig å få til noko gjennom dette arbeidet når det gjeld trafikksikkerheit rundt skulen. Om ikkje må vi ta saka til rett instans i kommunen.